

Velkommen

Årsmøte for Vikebygd Grendautval

Org.nr. 911 694 654

Tysdag 1.desember 2015 på Bygdahuset



Årsmøte 2015

Det blir kalla inn til årsmøte i Vikebygd grendautval

Tid: Tysdag 1. desember kl. 19.00

Stad: Vikebygd Bygdahus

Dagsorden:

1. Opning av møtet og godkjenning av innkalling
2. Val av møteleiar og referent
3. Godkjenning av sakslista

Sakslista:

1. Årsberetning 2015
2. Rekneskap 2015
3. Forslag av saker frå styret
4. Innkomne forslag
5. Val

Forslag som ein vil behandla på årsmøtet må vere styret i hende seinast 20. november 2015.

Forslag kan sendast til post@vikebygd.no eller til

Vikebygd grendautval, Vikevegen 1245, 5568 Vikebygd

Etter årsmøtet vil grendautvalet orientera om saker som gjeld alle i bygda vår.

Vel møtt

Styret

Vikebygd Grendautval vart vinteren 2013 stifta som lag/foreining i Brønnøysund-registeret. Org.nr: 911 694 654.

Nytt styre vart vald etter førre årsmøte 25/11-2014 på Bygdahuset. Styresamansetninga vart sett saman som følgjer:

Leiar: Frantz Lea (1år)

Nestleiar: Lauritz Bjørnevik (1 år)

Sekretær: Bergfrid Kolltveit (1 år)

Kasserar: Even Bjørnevik (2 år)

Styremedlem: Stein Andor Sundve (2 år)

Vara: Jakob Rødde (1 år)

Valkomitè: Per Vik (2 år)

Reidun Birkeland Bakkevik (2 år)

Johan Owe (1 år)

Revisorar: Gunnar Birkeland (2 år)

Atle Barane (2 år)

Årsmelding Vikebygd Grendautval 2015

Vikebygd Grendautval har hatt 7 styremøter samt vegmøter med fleire involverte, i tillegg fleire møter med kommunen.

Etter første møte i 2014 med brannsjefen i kommunen, blei grendautvalget enige om å ha 2 mobiltelefonnummer til 2 bønder i bygda liggande i utrykkingsbilen i Skjold. På den måten kan brannvesenet gje rask beskjed om vatnforsyningar/mobilisering av møkkavogner med vatn. Kontaktpersoner er Jens Morten Koltveit og Jakob Rødde. Forøvrig er meir detaljer under utarbeidelse.

Fyrsteprioriteten til Grendautvalet har dei siste åra vore "Bryggjebakken", og før sommarferien blei den ferdigstilt. Me er stolte og glade over resultatet, og håpar at området vert mykje brukt i åra som kjem. Ei stor og flotte grillhytta er også nå på plass. Til glede for alle som vil bruke den.

Me planta i potter og tønner rundt omkring i bygda før 17 mai, slik me pleier.

Stein Andor Sundve har laga ein ny nettstad som viser Vikebygd sine aktiva på ein flott måte. Det skal *ikkje* vere ei side for nyhender og dagsaktuelt stoff. Sida skal etter kvart vere meir statisk, når me får alt på plass. Grendautvalet driftar denne. Sida skal forhåpentlegvis vere med å lokke folk til bygda.

www.vikebygd.no er nettadressa og post@vikebygd.no er kontaktadressa.

Grendautvalet har óg hatt fokus på lys og trygge vegar for syklende og gåande i den mørke årstida. Me har søknad inne om å sette opp lys stolpar opp til Alna, samt langs Plassavegen slik at me har lys rundt heile "Nullen". I tillegg har me søkt kommunen om å få retta opp dei skeive lyktestolpane i bygda, men detta tek tid.

Den 5. mars hadde me eit møte med tomteselskapet for å få fortgang i sal av tomtene på Lio-feltet. Grendautvalet innkalla deretter til dugnad, og ein del av tomtene blei rydda for tre og buskar i vår. Det var ein flott dugnadsgjeng som stilte opp. Takk til Lio Velforeining for god innsats, saman med andre frå bygda òg.

Den 5. mai hadde me folkemøte saman med kommunen på Bygdahuset med tema «Korleis skal Vikebygd bli ei betre bygd å bu i?». Her kom det fram mange kreative tankar og idear som kommunen tek me seg vidare inn i kommuneplanen. Det var god oppslutning frå bygdefolket.

Den 21. oktober hadde me igjen møte på Gamlatunet vedr. kommunesamanslåing. Kommunen ville ha Grendautvalet si uttale om denne saka. Foreløpig er det ikkje blitt noko semje om det, så denne saka er foreløpig lagt på vent. Det blei heller diskutert dei samfunnsnyttige funksjonane for kommunen og bygdene. Kva er bra og kva er mindre bra? Vi avventar ein rapport frå kommuna om dette.

Den 22. oktober hadde Statens vegvesen ei befaring på vegstrekninga frå Svendsbø og inn til sentrum. I etterkant hadde me eit vegmøte på Gamlatunet kor me diskuterte kortsiktige og langsiktige løysingar. Kortsiktige løysingar er større møteplassar tilpassa tunggodstrafikken samt betre siktlinjer. Statens vegvesen vil utarbeide ein rapport over nevnte vegstrekning. Pr. d.d. så ventar me på denne rapporten. Me har elles fått på plass autovern på vegstrekninga ved Svendsbø og Ulvebne.

Ordføreren har informert oss på møter om at ei utdeling frå eit fond frå tidligare HSD er øymerka Vikevegen. Dette utgjer i sum ca. 3 mill. kr, i tillegg har Grendautvalet eit tilsagn frå VAF på kr 500.000.- disponibelt ut 2015. Me forventar no at kommunen set i gang med dei lovde tiltaka på vegstrekningen etter at Statens Vegvesen har avgitt sin rapport. Me skal no stå øverst på kommunen si prioriteringsliste for vegprosjekter.

Den 8. oktober gav me ei tilbakemelding til kommunen, ved rådmannen, då rykta gjekk om eit større sal av delar av Dommersens Industriområde inkl kaiområdet. Grendautvalget sa si meining om dette, og gav klar melding til rådmannen om at no må kommunen spele på lag med Grendautvalget før viktige beslutningar vert tatt. Det har me fått tilbakemelding frå rådmannen at så skal skje.

Den 1. november gav Grendautvalet igjen ei uttale til kommuneadministrasjonen vedr. rådmannen sitt framlegg til eit vedtak som skulle opp i formannskapet den 3. november. Dette gjaldt kor sentrum skal være, samt ei innskrenking av arealplanen for Dommersnes Industriområde. I tillegg foreslo han ei nedgradert utbygging av Vikevegen Fv734. Vidare sto det at; «*Landevegskommunikasjonsforhold tilseier ikkje større landsbaserte bedriftssatsingar på Dommersnes*». Framlegget blei sjølv sagt nedstemt av formannskapet. Grendautvalget si uttale vedr. denne saka blei opplest i formannskapet.

Den 7. november blei det innkalla til grendautvalets årsmøte som blir avheldt på bygdahuset tysdag 1. desember kl 1900. Tema etter årsmøtet blir flyktningsdebatt.

Som dokker ser er det mykje å gripe tak i for det Grendautvalet som skal konstituera seg no. Lukke til med arbeidet til det beste for bygda vår!

Status prosjekter 2014-2015

- Prosjekt: Vossasvingane med g/s: Pågår
- Prosjekt: delutbetring av Vikevegen: Pågår (frå Svendsbø til Vossaplass)
- Prosjekt: Vossaplass bru Ferdig. Bru med autovern på plass
- Prosjekt: Bryggjebakken Ferdig. Grillhytte og Bryggjebakken
- Prosjekt: Lys opp Alnavegen Pågår. Søknad sendt
- Prosjekt: Lys Plassavegen v/sjøen Pågår. Søknad sendt
- Prosjekt: Informasjon om bygda Ferdig post@vikebygd.no
- Prosjekt: Skeive lys stolpane i bygda Pågår

Forslag til Handlingsplan for 2015-2019

- Vossaplass svingane - Gang- og sykkelsti til Vikebygd sentrum
- Vidare arbeid med utbetring av Fv734 Vikevegen (delutbetringar)
- Gang- og sykkelsti frå Vossasvingbrua til Dommersnes m/lyktestolpar
- Skoging i bygda, dugnad
- Oppgradering og skoging rundt Plassaelva (etter avtaler med grunneigarar)
- Gang- og sykkelsti m/lyktestolpar frå Bygdahuset til Kvamme.
- Dommersnes Industriområde
- Fleire innbyggjarar (barnefamiliar)
- Reklamere for bygda, event. reklamefilm og vidare arbeid med nettstaden www.vikebygd.no

Regneskap Vikebygd Grendautval pr 06.11.2015

Org.nr. 911 694 654

Bilag	Dato	Tekst	Inntekt	Utgift	Resultat
	31.12.14	Inngående balanse frå 2014	29.467,67		
300	12.05.15	VAF tilsk. prosj. 201 «Bryggjebakken»	54.000,00		
301	12.05.15	Støtte til blomsterprosjekt frå VF	3.000,00		
302	15.05.15	Støtte til drift av VGU frå VF Kommune	5.000,00		
303					
304					
305					
100	11.02.15	Jakob Rødde, møter etc		820,00	
101	11.02.15	Nettgiro m/melding		4,00	
102	11.03.15	Avgift Brønnøysund registrene		135,00	
103	19.05.15	Byggmester L.Bjørnevik grillhytte prosj		69.575,00	
104	06.05.15	Ødegård Plantesalg		3.000,00	
105	07.05.15	Dugnadsmat iforb. med dugnad		287,40	
106	31.03.15	Kostnader v/bruk av banktjenester		2,00	
107	30.04.15	Kostnader v/bruk av banktjenester		4,00	
108	31.05.15	Banktjenester		21,00	
109	09.06.15	Domeneshop		330,00	
110	10.06.15	Joker Vikebygd kaffe/kaker etc		418,80	
111	24.06.15	Leige Gamlatunet		1300,00	
112	30.06.15	Nettgiro m/melding		10,00	
113	01.11.15	Leige Gamlatunet		600,00	
		Saldo	91.467,87	76.507,20	14960,47

(Note: rekneskap vil bli revidert pr 31/12-15)

Inngående balanse frå 2014: kr 29467,67 **Inntekter:** 91.467,87

Even Bjørnevik, kasserer

Regnskapene er revidert og godkjent av:

Gunnar Birkeland

Atle Barane

Trykking av årsmøte foldar er sponset av:

